



# Brønnøysundregistrene

---

## **Brønnøysundregistrene**

Postadresse: 8910 Brønnøysund

Telefoner: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Telefaks 75 00 75 05

E-post: [firmapost@brreg.no](mailto:firmapost@brreg.no) Internett: [www.brreg.no](http://www.brreg.no)

Organisasjonsnummer: 974 760 673



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Kostnader</b>			
Annan driftskostnad		500	504
<b>Sum kostnader</b>		<b>500</b>	<b>504</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-500</b>	<b>-504</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		144	202
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>144</b>	<b>202</b>
Annan rentekostnad		4	0
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>4</b>	<b>0</b>
<b>Netto finans</b>		<b>140</b>	<b>202</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>-360</b>	<b>-302</b>
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>-360</b>	<b>-302</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>-360</b>	<b>-302</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Sum anleggsmiddel		0	0
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar og liknande		48 411	48 771
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>48 411</b>	<b>48 771</b>
Sum omløpsmiddel		48 411	48 771
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>48 411</b>	<b>48 771</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Fri eigenkapital		48 411	48 771
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>48 411</b>	<b>48 771</b>
Sum eigenkapital		48 411	48 771
Sum langsiktig gjeld		0	0
Sum gjeld		0	0
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>48 411</b>	<b>48 771</b>



## ÅRSMELDING FOR HORNINDAL BYGDESAMLING 2020

Store deler av styret vart skifta ut i 2020. Desse sat i styret fram til juni 2020:

Idar Nygård	leiar
Jan Olav Svår	nestleiar
Halvdan Lødemel	kasserar
Olaug Haugen	sekretær
Kjell Tvinneim	dugnadsansvarleg

I juni valde Volda Kommunestyre nye medlemmer, og desse konstituerte seg sjølve 16. juni. Styret vart då sjåande slik ut:

Reidunn Otterdal	leiar	- vara: Ola Perry Saure
Jan Erik Stokkeland	nestleiar	- vara: Roald Espset
Halvdan Lødemel	kasserar	- vara: Sverre Leivdal
Astrid Gjersdal	sekretær	- vara: Margrete Trovåg
Terje Engås	dugnadsansvarleg	- vara: Benedikte Holmberg

Det har i 2020 vore halde årsmøte og tre styremøter. Det gamle styret hadde årsmøte og avvikla sitt arbeid i mai 2020. I juni samla det nye styret seg og valde representantar til dei ulike verva. Vi fekk då innføring frå tidlegare leiar Idar Nygård og frå Halvdan Lødemel som heldt fram i styret.

I juli hadde styret ei synfaring i gamle Kirkhorn skule der store deler av samlinga er lagra. Vi var også innom Skaret og fekk ei omvisning i hus og lade med Halvdan Lødemel.

Terje og Reidunn deltok på eit fellesmøte om Grobygget i oktober saman med styret i Groforeninga og Kyrkjelydsstova. Vi fekk omvisning i Grobygget der eit av romma er tiltenkt Bygdesamlinga og Radiosamlinga til Haugenfamilien. Terje og Reidunn vart valde inn i ei arbeidsgruppe for Grobygget.

Reidunn var også med på ei synfaring ilag med Roger Haugen, Sverre Leivdal, Kristine Sofie Orheim Hansen og Bjørn Lødemel der vi såg på rommet i Grobygget og diskuterte muligheiter og ulike løysingar.

Vi hadde styremøte i desember der vi orienterte og diskuterte ein eventuell bruk av rommet i Grobygget. Vi snakka også om korleis ei evt. flytting av gjenstandar kan organiserast. Det må gjerast avtalar med Foreininga Grobygget og Volda Kommune si rolle må avklarast, spesielt med tanke på det økonomiske ved ein eventuell leigeavtale.

Vi må legge ein plan for arbeidet framover.

Hornindal 1. mars 2021

Reidunn Otterdal - leiar



## SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Org.nr. 974 789 280 mva

Til styret i stiftinga Hornindal Bygdesamling

6100 VOLDA

### REVISJONSMELDING 2020

#### Uttalelse om årsrekneskapen

##### *Konklusjon*

Vi har revidert årsrekneskapen for stiftinga Hornindal bygdesamling som viser eit underskot på kr. 360,-. Årsrekneskapen består av årsmelding, resultatrekneskap og balanse pr 31.12.2020 med notar som beskriver nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysningar. Fri kapital er positiv med kr. 48.411,82.

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av stiftinga si finansielle stillingen pr 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne dato som er i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Norge.

##### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter ihht disse standardane er beskrevet i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av stiftinga slik det vert krevd i lov og forskrift, og har overheldt våre øvrige etiske forpliktelsar i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

##### *Øvrig informasjon*

Leiinga er ansvarleg for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av årsmelding. Vår uttalelse om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje øvrig informasjon, og vi attesterar ikkje den øvrige informasjonen.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese øvrig informasjon med det som formål å vurdere korvidt det forelegg vesentleg inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller korvidt den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere.

##### *Styret og leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk. Styret og leiinga har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit

Revisjon  
Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta



## SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av mislegheiter eller feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetninga om fortsatt drift skal leggest til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at virksomheita vil verte avvikla.

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som heilheit ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som fylgje av misligheiter eller utilsikta feil, og å avgi ei revisjonsberetning som inneheld vår konklusjon. Betryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterar. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misligheiter eller utilsikta fil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimeligheit kan forventast å påvirke økonomiske beslutningar som brukarane foretek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserar og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misligheiter eller utilsikta feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følge av misligheiter ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan misligheiter kan innebære samarbeid, forfalskning, beviste utelatelser, uriktige framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeidar vi oss ein forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerar vi om dei anvendte rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimat og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege
- konkluderar vi på hensiktsmessigheita av leiinga sin bruk av fortsatt drift-forutsetninga ved avlegginga av årsrekneskapen, basert på innhenta revisjonsbevis, og korvidt det foreligg vesentleg usikkerheit knytta til hendelsar eller forhold som kan skape tvil av betydning om stiftinga si evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderar med at det eksisterar vesentleg usikkerheit, må vi i revisjonsberetninga henlede oppmerksomheita på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkeleg, at vi modifierer vår konklusjon om årsrekneskapen og årsberetninga. Våre konklusjonar er basert på revisjonsbevis innhenta inntil dato for revisjonsberetning.
- evaluerar vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, inkludert tilleggsopplysningane, og korvidt årsrekneskapen gir uttrykk for dei underliggande transaksjonane og hendelsane på ein måte som gir eit rettvisebilde.

Vi kommuniserer med styret om til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Revisjon  
Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta



## SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

### Uttalelser om øvrige lovmessige krav

#### *Konklusjon om årsmelding*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskrevet overfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forutsetninga for fortsatt drift og forlag til anvendelse av overskot er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapen som beskrevet overfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi leiinga i all hovudsak har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

#### *Konklusjon om forvaltning*

Basert på vår revisjon av årsregnskapen som beskrevet overfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtekter for øvrig.

Larsnes 26.05.2021

*Halldis Moltu*  
Halldis Moltu

-reg. revisor-



## NOTEOPPLYSNINGAR FOR 2020

### Note 1

Det er ikkje aksjar i stiftinga.

### Note 2

Det er ingen tilsette i stiftinga.

### Note 3

— Det er ikkje betalt ut godtgjersle til nokon i styret.

### Note 4

Det er ikkje gjeve lån eller stilt sikkerheit til leiande personar eller andre i stiftinga.

—



### HORNINDAL BYGDESAMLING

<b>Balanse pr 31.12</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
<b>Anleggsmidler</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>Omløpsmidlar</b>		
Bankinnskott	48.411,82	48.771,82
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>48.411,82</b>	<b>48.771,82</b>
<b>Sum eiendelar</b>	<b>48.411,82</b>	<b>48.771,82</b>
<b>Egenkapital og gjeld</b>		
<b>Fri egenkapital</b>	<b>48.411,82</b>	<b>48.771,82</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>		
Leverandørgjeld	0,00	0,00
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>Langsiktig gjeld</b>		
Sum langsiktig gjeld	0,00	0,00
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>	<b>48.411,82</b>	<b>48.771,82</b>

Hornindal 17.03.2021

Reidun Otterdal

-styreleiar-

*Reidunn Otterdal*

Halfdan Lødemel

*Halfdan Lødemel*  
-kasserar-



## HORNINDAL BYGDESAMLING

Resultatrekneskap for perioda 1/1-31/12	2020	2019
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>		
Andre inntekter	0,00	0,00
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
Andre kostnader	500,00	504,00
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>500,00</b>	<b>504,00</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>		
Finansinntekter	144,00	202,00
Finanskostnader	4,00	0,00
<b>Resultat finans</b>	<b>140,00</b>	<b>202,00</b>
<b>Året sitt resultat</b>	<b>-360,00</b>	<b>-302,00</b>
<b>Disponering av året sitt resultat</b>		
Inndekka frå egenkapital	-360,00	-302,00
<b>Sum disponert</b>	<b>-360,00</b>	<b>-302,00</b>

Hornindal 17.03.2021

Reidun Otterdal

-styreleiar-

*Reidun Otterdal*

Halfdan Lødemel

*Halfdan Lødemel*